Nissedal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2021/513-1
Sakshandsamar: Reidun Carol Retterholt
Dato: 25.04.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		06.05.2021

Revidert Plan for overgangar "Frå eldst til yngst"

Vedlegg:
1 Frå eldst til yngst - revidert utgåve til kommunestyret 06.02.21

Fakta i saka:

Bakgrunn for saka/tidlegare saksgang

Plan for overgangar «Frå eldst til yngst» blei utarbeidd i 2016-2017, og vedteke av kommunestyret juni 2017 sak 40/17)

Planen er revidert hausten 2020.

Grunna ei urovekkande oppgang i tal på fråfall blant våre ungdom, valde vi å nedsette ei arbeidsgruppe som vinteren 2021 har arbeidd med ei utviding av planen til og å gjelde ungdommen sin tid etter avslutta skulegang lokalt ved Nissedal ungdomsskule.

Forankring i eige planverk

Kommunal planstrategi 2021-2025: 5.2.25 «Frå eldst til yngst» Plan for overgangar

Vurdering:

Plan for overgangar er revidert hausten 2020, med innspel frå tilsette i barnehage og skule. Endringane er koordinert og lagt inn i planen av styrar- og rektorgruppa.

Grunna endring i skulestruktur (nedlegging av Fjone skule) har ein nå spissa tiltaka og synleggjort tiltak på dei to gjenverande skulane. Det vil sei at tiltaka som er særskilte for Kyrkjebygda oppvekstsenter nå har kome tydlegare fram.

Moment som skal bli fjerna er gjennomstreka og markert med grønt.
Moment som er nye er i raud skrift.

Det er utarbeidd nye rutiner for overgang og ny tilvære på vidaregåande skule for ungdommen vår, for å redusere fråfall. Dette arbeidet er gjort av ei gruppe bestående av prosjektleiarane for

Ung i Nissedal, samt rektor og lagleiar ved Nissedal ungdomsskule. Tiltaka som er skisserte har vi tru på at kan hjelpe ungdommen vår på ein god måte og redusere sjansen for fråfall. Det vil uansett gje ungdommen ein tryggare overgang som berre er positivt.

Konklusjon:
Plan for overgangar «Frå eldst til yngst» er revidert hausten 2020-vinteren 2021. Nytt punkt om overgang til vidaregåande skule med kommunal oppfølging inn i hybellivet er lagt til, som tilsvar på negativ utvikling i statistikk for fråfall i Nissedal kommune. Planen blir lagt fram for kommunestyret med markerte endringar.

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommunestyre tek revidert plan for overgangar til vitande.